

Trygg skuleveg i kommunen – spørsmål frå Marlen Rikstad

Eg har dei siste vekene lest på nettet og i aviser om trafikksikre vegar i kommunen. Les der at ei trafikksikringsgruppe i kommunen har gjeve særavtaler om fri skuleskyss ved skulane i kommunen, men ingen har denne avtalen ved Hordabø skule. Det er heilt forståeleg at det er mykje tungtrafikk frå Manger og nordover, men dei passerer også skuleborna til Hordabø skule. At 2. til 4. klasse frå Vågenes ikkje skal få dekka skyss grunna farleg skuleveg, synest eg er rart. Med 80-sone heilt til Marøy kryss, stor trafikk, smal og svingete veg, og nesten ikkje lys, synest eg at denne vegstrekninga er ei av dei farlegaste i kommunen. Det er også dårleg skuleveg frå Hordabø skule og nordover, ned Kvednebrekka, og mot Rikstad, Sylta og Villanger. Kven kan sitje å gjere forskjell på våre barn og barnebarn, når det gjeld kven skal få dekka og ikkje? Håper dette vert tatt opp og vurdert snarast.

Svar:

Radøy sin nyleg vedtekne trafikksikringsplan har fokus på tiltak rundt skulane,-trafikksikring/skuleskyss. Spørsmålstillar har rett i at det er nye område som har fått innvilga fri skuleskyss, men ikkje områda ho nemner.

På vegne av kommunestyret vil eg svara at det er vel ingen tvil om at dei aller fleste vegane på Radøy må kunna reknast som farleg skuleveg. Men, kva som vert definert som ekstra farleg skuleveg, og dermed rett på fri skuleskyss er det fylkesmannen som avgjer, med mindre kommunen sjølv vedtek noko anna. Det er kommunen som må betala skuleskyssen for dei som er innvilga fri skuleskyss,- og årskostnaden er om lag kr 7.000,- pr elev.

Radøy har tatt opp med Skyss om å få særavtale om redusert pris for dei som ikkje har krav på fri skuleskyss i skulebussane. Skyss har lova å koma tilbake til dette ved sin nye skuleskyss-ansvarlege. Førebels har me ikkje fått avklaring i saka. Det er også ein del foreldre som køyrer borna sine med privatbilar, sjølv om dei er innvilga fri skuleskyss, og kommunen betalar.

For inneverande år var det budsjettert midlar til dette, men Skyss presenterte ein kraftig takstauke i vår, som åt opp ekstraløyvinga utover dei nye som vart innvilga fri skuleskyss.

Dette var ei lang forklaring, og det korte svaret er at kommunen både må og bør vurdere spørsmåla dine snarast. Det beste er om me får ei endring i definisjonane om kva som er ekstra farleg skuleveg, og dermed få heile

skuleskyssproblematikken i ordna former,- då må me jobba politisk, og også sikra at det følgjer pengar med. Kommunen vil følgja opp skuleskyss med fylkeskommunen.